

Referat: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag (NFØA), Rådsmøte 4/2022

Dato: 07.09.2022, klokka 09.00 – 11.00.

Stad: Zoom

RFF/Fagskolen Viken	Fredrik Rene Hæren (leder)
Fagforbundet	Trond Finstad (nestleiar)
Klynge/Norsk senter for sirkulærøkonomi	Natalia Mathisen
YS/Delta	Lina Steinsbekk
FFF/NKI fagskolar	Kirsten Saga
FFF/Fagskolen Kristiania	Kari Bjørnaas
FFF/Folkeuniversitetets fagskole	Wenche Fonneland
Fagforbundet	Henriette Eia Erdal

Fråfall: Tord Hauge (NHO), Johnny Solheim Thomassen (Virke/Asko), Pål Christian Hannevig (YS/Negotia), Lyra Lluka (LO/Fagforbundet), Henning Skau (ONF), Rune Martinsen (Økonomiforbundet), Venche Skei (FFF)

Møteleiar: Fredrik Rene Hæren

Referent: Linda Kjosaas (HK-dir)

Gjester:

Sak O-17/22: Trond Eftedal, Fagskolen Innlandet

Sak D-18/22: Kjerstin Bruvold Klokkeide, HK-dir

### Faste saker

Møteinnkalling godkjent

Saksliste godkjend med endring i siste sak som vert flytta til neste møte. ONF orienterer går ut grunna fråfall.

Referat godkjent

### O-16/22 Leiar orienterer

Leiar orienterte om nytt i sektoren og møtet i Nasjonalt fagskoleråd.

Rådet diskuterte litt rundt synlegheit, og NTNU-kampanjen for å verve fleire kvinner inn i teknologiske fag vart nemnt som døme. Fagområdet har størst vekst, så det er god rekruttering av studentar.

### D-17/22 Presentasjon av ein fagskole

Trond Eftedal frå Fagskolen Innlandet orienterte om korleis dei arbeider med fagområdet.

Då BI la ned dei desentraliserte studiane etterlet dei seg et tomrom. Difor starta høgskole og fagskole sine alternativ. Ni sjølvstendige modular som kunne takast kvar for seg eller køyrast saman. Om du tok alle fekk du 60 stp. Det var likevel ikkje nok studentar til å fylle de ulike modulane, og ein kunne ikkje køyra alle modulane samtidig. Frå 2010 la ein om og laga eit stadbasert deltidsstudium med samling ein gong i uka. Tenkte tverrfagleg og parallelt og tenkte at alle emna eigentleg høyrer saman. Grunna få søkarar la ein etterkvart om til eit nettbasert studium. Tre dagars samlingar, tre gonger i semesteret. Dette har blitt ein suksess. No har fagskolen 150 søkarar kvart år, men med eit stort fråfall mot skolestart. 40-50 studentar tar studiet kvart år.

Ein treng meir fokus på det digitale og det internasjonale perspektivet i fagområdet. Treng fleire faglege møteplassar. Dette er ein sak fagrådet kan ta med seg i det vidare arbeidet. For meir info kan ein sjå presentasjonen til Eftedal på Teams-kanalen.

#### D-18/22 Fagområdeavgrensing/utvikling av nasjonale planar

Fagrådet diskuterte analysen presentert i førre møte og såg nærare på behovet innan fagområdet for ei vidare utvikling av nasjonale planer eller andre tiltak som vil gagne fagområdet.

Kjerstin Bruvold Klokkeide (HK-dir) som har lang erfaring med planutvikling deltok i diskusjonen.

Foreløpig har planar berre blitt revidert, og ein har ikkje utvikla nye ennå.

Ser tendensar til at det blir færre nasjonale planer eller meir samanslåtte planer, og ein kartlegg no om det er behov for revisjon av dei resterande planane.

Fagrådet diskuterte vidare om dei skulle leggja planane om utvikling av nasjonale planar på is, og heller sjå kva andre prioriteringar som er viktige for sektoren.

**Referat slutt**